



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Sykkylven kommune

Kommunedelplan sentrum-Ikornes

Fråsegn til offentleg ettersyn - motsegn

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den kommunale planlegginga skal vi sjå til at kommunane tar omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Framlegg til kommunedelplan sentrum-Ikornes i Sykkylven er lagt til offentleg ettersyn. Planen omfattar område frå Aursneset til Tjøneset og Ikornes. Planområdet er utvida noko mot sør og aust i høve til planen frå 2010 for å få ein meir heilskapleg plansituasjon for sentrumsområdet.

Hovudgrep i planforslaget er samordning av regelverket med kommuneplanens arealdel (2013) og kommunedelplan for Straumgjerde (2017). Planen legg opp til fortetting og utnytting av eksisterande infrastruktur nær sentrum, men nye byggeareal kjem i stor grad i konflikt med viktige område for landbruk og nasjonale mål for jordvern.

Fylkesmannen viser til forsøk med samordning av statlege motsegner som starta opp i vårt fylke 1. april 2015. Ordninga vart gjort permanent frå 01.01.2018. Denne fråsegna er såleis med i ordninga der vi fremjar motsegn på vegne av NVE. Fylkesmannen har også motsegner til planen.

Med heimel i plan- og bygningslova § 5-4 fremmer vi motsegn til kommuneplanens arealdel.

NVE:

- Omsynet til skredfare i bratt terreng er ikkje tilstrekkeleg innarbeida i planen.
- Fare for flaum og erosjon må synleggjerast for alle vassdrag av ein viss storleik i planområdet. Det må kome klart fram av plandokumenta kva vurderingar som ligg til grunn for omsynssona eller byggegrensa.
- Kommunen må synleggjere og klargjere rammene for byggegrenser mot vassdraga.

- Planen tek ikkje nok omsyn til vassdrag- og energianlegga innan for planområdet.

Fylkesmannen:

- SP1 og SP3 må konsekvensutgreiast
- Føresegnene må sikre at kommunedelplanen gjeld forran eldre reguleringsplanar der dei ikkje er i samsvar med kommunedelplanen
- Føresegnene til LNF spreidd bustadbygging må endrast for å betre sikre omsynet til landbruksinteressene
- Plankartet må vise alle område med skredfare/potensiell skredfare som omsynssoner, og knytte føresegner til omsynssonene som sikrar tilstrekkeleg tryggleik
- Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå vassdrag
- Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn/kvikkleire
- Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt frå høgspantanlegg
- Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik rundt storulukkeverksemdene
- BU9, BU23 og NÆ1 av omsyn til barn og unges interesser
- BU1, BU2, BU4, BU5, BU10, BU11, BU13, BU16, BU18 og BU20 av omsyn til landbruksinteresser og usikkerheit med tanke på framtidig folketalsutvikling og manglande utgreiing av alternative byggeområde

Fylkesmannen sine merknader til planframlegget, med faglege råd og nærare grunngjeving av motsegnene:

Planfagleg

Planomtalen skal etter plan- og bygningslova § 4-2 skildre føremålet med planen, hovudinnhaldet og verknader, samt planen sitt forhold til rammer og retningslinjer. Etter det vi kan sjå er dette tatt til følge ved utarbeiding av plandokumentet.

Konsekvensutgreiing

Konsekvensutgreiinga er god og oversiktleg. Vi vil særleg gje ros for at alle innspel er gitt ei særskild landbruksfagleg vurdering.

SB2 er konsekvensutgreidd som BU8. Vi kan derimot ikkje sjå at SB1 og SB3 er konsekvensutgreidd. Etter forskrift om konsekvensutgreiing §6a er det krav om konsekvensutgreiing for område som blir lagt ut til LNF spreidd. Fylkesmannen fremjar **motsegn** til manglande konsekvensutgreiing for SB1 og SB3.

Føresegner

Reguleringsplanar som framleis skal gjelde er vist som omsynssone i plankartet. Dette er ei ganske uoversiktleg framstilling. Føresegnene bør i tillegg liste opp kva for reguleringsplanar som skal gjelde. Fleire av reguleringsplanane er truleg ikkje oppdaterte med omsyn til nyare krav og retningslinjer. Dette vil mellom anna gjelde sikring mot støv og tilhøva for barn og unge. Fylkesmannen har **motsegn** inntil det går fram at aktuelle føresegner i kommuneplanens arealdel blir gjort gjeldande for reguleringsplanar som framleis skal gjelde. Det er forøvrig positivt at kommunen har engasjert ekstern konsulent til etablering av innsynsløysning for reguleringsplanar.

Fylkesmannen rår til at lokaliseringkriterium for LNF spreidd bustad vert meir presisert for å hindre uheldige konsekvensar for landbruksnæringa og matproduksjon. Blant anna at bustadbygging ikkje skal skje på dyrka mark (fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite) samt større samanhengande område av dyrkbar jord. Tilkomstveg skal ikkje fragmentere eller forverre arronderinga av dyrka mark, og at det må fattssettast byggegrense på 30 meter mellom bustad og dyrka mark for å redusere miljømessige ulemper som støy,- støv- og luktplager for bebuarar og driftsulemper for bonden. Vi har **motsegn** til dette er gjort.

NÆ2 og NÆ3

Innanfor NÆ2 er det planlagt små unike overnattingsstader, spreidd og med ei utforming som fell inn i naturen. Det skal vere enkle bygg med minimale terrenginngrep. Heile NÆ2 og delar av NÆ3 ligg innanfor areal registrert som lokalt viktig friluftsområde (FRIDA-registrering tilgjengeleg i gislink). Konsekvensutgreiinga viser til at arealet er eit viktig nærturområde, og at utbygginga kan få uheldige konsekvensar for friluftinteressene. Det går vidare fram at det ikkje er tenkt å bygge køyreveg til kvar eining, og at gangveg/sti/parkering skal dokumenterast i detaljplanlegginga. Det er påpeika at friluftslivet skal ivaretakast.

Kommunedelplanen legg opp til omfattande omdisponering av dyrkajord. NÆ2 og NÆ3 er store areal sett av til turisthytter tett inntil eksisterande bustadfelt. Vi meiner kommunen bør vurdere om dette arealet heller bør avsettast til bustadføremål slik at det kan dekke noko av arealbehovet for bustader i kommunen utan at det går på bekostning av matjord.

SB1

Området omfattar areal avsett til spreidd utbygging av bustader. Arealet ligg inntil eksisterande bustadområde. Kommunen bør heller vurdere om ein ha ei høgare utnytting av området når ein først skal bygge ut meir bustadareal, og vi viser til merknaden under NÆ2 og NÆ3 over når det gjeld omsyn til landbruksjord.

Barn og unge

Det er svært positivt at kvartalsleikeplassane er lagt inn i plankartet. Dette gir ei god oversikt over dei større leikeplassane i området. Det er også implementert klare krav til leikeplassar som vil bidra til å sikre gode oppvekstvilkår for barn og unge. Vi har følgande merknader til enkeltområde:

BU7

Arealet er satt av til kombinert føremål bustad/forretning. Arealet ligg delvis i gul- og raud støysone. Støytilhøva må avklarast i detaljreguleringa der det blir sikra avbøtande tiltak. Vi ser ikkje at det er trygg kryssing til gang- og sykkelvegen som ligg på andre sida av fylkesvegen. Det er allereie etablert ein god del bustader i dette området, og vi meiner ein må ha rekkefølgjekrav om at trygg kryssing av veggen må vere etablert før ein kan bygge bustader innanfor BU7. Fylkesmannen vil vurdere motsegn til ein detaljregulering som ikkje sikrar dette, av omsyn til trafikktryggleik og barn og unges interesser.

BU9

BU9 omfattar areal som i gjeldande reguleringsplan frå 1974 er regulert til leik/pallplass. Kommunen skriv at det er lite realistisk å realisere ein ballplass i tråd med en gamle reguleringsplanen, men at areal til leik bør behaldast som leikeareal.

Vi minner om *Rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planlegginga* punkt 5d : «*Ved omdisponering av arealer som i planer er avsatt til fellesareal eller friområde som er i bruk eller er egnet for lek, skal det skaffes fullverdig erstatning*» (vår understreking). Vi fremmer **motsegn** til BU9 inntil ein har sikra fullverdig erstatningsareal. Vi viser til rettleiaren som presiserer kva som er meint med fullverdig erstatningsareal.

BU23

BU23 omfattar areal sett av til friområde i gjeldande kommunedelplan. Her vil ein legge til rette for utbygging av bustadar. Konsekvensutgreiinga viser positive verknader for barn og unge til tross for at ein reduserer friområdet med om lag halvparten av arealet. Positiv verknad er truleg satt fordi det er opplyst at opparbeiding av restarealet skal skje parallelt med utbygging av bustadarealet.

Det er også vist til at arealet ikkje er registrert i barnetråkk. Om areal blir nytta av barn og unge vil ofte avhenge av om det bur barn og unge i det aktuelle området på det aktuelle tidspunktet. Bruken vil ofte kunne gå i bølger avhengig av kva for generasjonar som bur i nærleiken. I tillegg er dette eit areal som ikkje er opparbeida til leik, der det i følge konsekvensutgreiinga i dag er dyrkamark. Dyrka mark er ikkje areal som kan nyttast av barn og unge, og det er truleg årsaka til at ein ikkje får fram mogleg bruk av arealet gjennom barnetråkk. Vi ser at dette store grøntområde som ligg midt i eit bustadområde med avgrensa tilrettelagt leikeareal kan vere av stor verdi for barn og unge.

Vi viser igjen til rikspolitiske retningslinjer for å styrke barn og unges interesser i planleggingen punkt 5d. Fylkesmannen fremmer **motsegn** til BU23. Vi minner også om krav om erstatningsareal, jf. merknaden over.

NÆ1

Det er i planforslaget satt av areal til næring/hotell på Klokkehaugen. I gjeldande plan er arealet avsett til offentleg tenesteyting og friluftsføremål-parkareal. Den føreslegne utbygginga er vurdert til å ha negativ konsekvens i høve støy, landbruk, samfunnstryggleik og for barn og unges interesser. Jf. konsekvensutgreiinga er ikkje tiltaket i direkte konflikt med registrert bruk, men grip inn i parkområde tenkt utvikla til aktivitet og oppleving.

Haugneset - Berlihaugen er eit viktig friluftslivsområde. Parkarealet grensar direkte mot ein barnehage og aldersheim. Etter vår vurdering vil arealet kunne ha stor verdi både sommar og vinter. Det er bustadområde i nærleiken. Ei utbygging som føreslege vil endre arealet frå park til eit snevrare grøntareal med meir preg av ein tursti fram mot utsiktsplassen. Vi kan ikkje sjå at ei utbygging av næring/hotell her kan ivareta offentleg parkareal, då vi meiner dette vil forringe og privatisere grøntområdet. Vi viser elles til

krav om erstatningsareal, jf. merknad til BU9 over. Fylkesmannen fremmar **motsegn** til NÆ1 av omsyn til barn og unges interesser.

Friluftsliv

Det er positivt at kommunen har gjennomført kartlegging og verdsetting av friluftsområde som ein del av planprosessen. Etter det vi kan sjå er ikkje resultatane tilgjengelege i offentlege databasar enda, men vi viser til kartutsnitt i kapittel 5.6 i planomtalen. Her ser vi at ein har kategorisert område som registrert, viktig eller svært viktig. Vi saknar denne synleggjeringa i plankartet og rår til at ein lager omsynssoner for friluftsliv der ein har vurdert at det er viktige friluftslivsområder i kommunen. Ein må også knytte føresegner til omsynssonene.

Landbruk

Sykkylven kommune er ein viktig landbrukskommune i Møre og Romsdal som bidreg til det nasjonale målet om auka matproduksjon i Norge. Stortinget vedtok den 8. desember 2015 ein ny nasjonal jordvernstrategi med ei ny målsetting om at den årlege omdisponeringa av dyrka jord må vere under 4000 dekar, og bad regjeringa om at målet kan nåast gradvis innan 2020. Fylkestinget har også vedteke eit regionalt jordvernmål på maksimal omdisponering av dyrka jord til 200 dekar per år i Møre og Romsdal. I 2017 var Møre og Romsdal det fylket i landet som bygde ned mest matjord, og kommunane må prioritere jordvern og matproduserande areal betydeleg sterkare enn tidlegare for å nå desse måla. I eit brev til landets kommunar, fylkeskommunar og fylkesmenn skreiv tidlegare landbruks- og matminister Jon Georg Dale at han har tillit til at kommunane og fylkeskommunane i si forvaltning og planlegging følgjer opp det målet Stortinget har fastsett, og at Fylkesmannen bidreg med rettleiing og formidling av statlege interesser tidleg i denne planlegginga. Brevet finn ein her

<https://www.fylkesmannen.no/contentassets/ef62a88cc3d047a78a2b6a8648923f4d/oppfolging-av-nasjonal-jordvernstrategi.pdf>

Næringskomiteen på Stortinget har også kommentert følgjande; - «Komiteen meiner det er viktig at Fylkesmannen har moglegheit til å gje motsegn når jordvernet ikkje vert tilstrekkeleg teke omsyn til», og at «ein streng praktisering av plan- og bygningslova er, etter komiteen sitt syn, det viktigaste verkemiddelet for å sikre eit sterkt jordvern». Dette vart også påpeika i etatsstyringsmøte mellom departementa og fylkesmannen 26. april 2016.

I vår vurdering av konsekvensutgreiing og planomtale til alle kommuneplanar, så er det to område Fylkesmannen legg særskilt vekt på før vurdering av einskilde innspel/tiltak. Dette er eit tydeleg og realistisk arealrekneskap og alternative lokalitetar. Arealrekneskapet må synleggjere dagens situasjon med tilgjengelege areal/tomter for både bustad, fritids- og næringsområde, og kva det faktiske behovet i planperioden vil vere, basert på statistikk og framskrivingar av folketal. Eit arealrekneskap med stor avstand mellom planlagt utbygging og reelt behov, eller mangel på ei slik vurdering, gjev ofte motsegn på vegne av landbruksinteressene der dyrka mark vert føreslått omdisponert.

Sykkylven kommune har i si folketalsprognose lagt til grunn at dagens folketal vil stabilisere seg på ca. 7600. Per 1. januar 2018 var det 7695 innbyggjarar i kommunen jamfør tal frå SSB. I framskriving av folketal fram til 2030, er kommunen avhengig av stor grad av innvandring for at folketalet ikkje skal reduserast. SSB publiserte den 26. juni *Befolkningsframskrivingar i kommunane 2018-2040* der SSB sitt hovudalternativ for Sykkylven kommune ligg på eit folketal på 6743 innbyggjarar i 2040, ein reduksjon på 952 personar (-12,4 %). Ein låg forventa vekst vil gje eit folketal på 6400 innbyggjarar, medan høg vekst vil gje eit forventa folketal på 7200 innbyggjarar i Sykkylven kommune. Møre og Romsdal fylkeskommune har i *Fylkesstatistikk 2018* skildra framskriving av forventa folketal i Sykkylven kommune til 7289 innbyggjarar i år 2028, ein reduksjon på 406 personar (- 5,3 %), og for år 2038 ein ytterlegare nedgang til 844, ein samla nedgang på 11 %.

Sykkylven kommune skal ha ros for å ha redusert forventa behov i sitt arealrekneskap ut ifrå høgare utnytting av areala (50 dekar) og vidare bygging på allereie omdisponert areal (100 dekar). Eit i utgangspunktet samla behov på 312 dekar vert redusert til 162 dekar for komande planperiode. Kommunen har også tilbakeført 23 dekar dyrka mark ved å ta ut område frå tidlegare planar, noko Fylkesmannen synes er eit godt tiltak. Vidare i vår vurdering så legg vi til grunn brevet frå Landbruks- og matminister Bård Hoksrud av 1. oktober 2018 om *Nasjonal og vesentleg regional interesse innanfor jordvern*. <https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Landbruk-og-mat/Jordvern/presisering-av-jordvernet-sin-betydning-og-fylkesmannen-si-rolle-i-plansaker/>. Eitt av momenta Fylkesmannen skal vurdere er blant anna prinsippet om å vurdere alternativ, som skal inngå som ein del av heilskapsvurderinga. Nesten alle forslag til bustadformål i den nye kommunedelplanen er lagt på dyrka mark, og i hovudsak også på areal som kommunen sjølv har vurdert som viktig produksjonsareal/kjerneområde landbruk for næringa i Sykkylven. Fylkesmannen i Møre og Romsdal kan ikkje sjå at kommunen har lagt fram forslag til alternative lokalitetar som dekker framtidig bustadbehov og som ikkje utfordrar jordvernet og landbruksnæringa sitt langsiktige arealbehov.

Sykkylven kommune har gjort tydelege og gode landbruksfaglege vurderingar for kvart einskild tiltak i kommuneplanarbeidet. Landbruksnæringa er, på lik line med andre næringar og kanskje i endå større grad, avhengig av kjente arealmessige rammer og moglegheit for utvikling. Fylkesmannen meiner at Sykkylven kommune kunne prioritert næringsutvikling i landbruket og jordvernet endå sterkare enn kva kommunedelplanen legg opp til. Dette for å nå dei nasjonale målsettingane om auka matproduksjon og sjølvforsyningsgrad, samt dei nasjonale og regionale jordvernmåla.

Ut i frå usikkerheit med tanke på framtidig folketalsutvikling og manglande utgreiing av alternative byggeområde, så fremmer Fylkesmannen i Møre og Romsdal **motsegn** til følgjande område på vegne av landbruksinteressene: BU1, BU2, BU4, BU5, BU10, BU11, BU13, BU16, BU18 og BU20.

Fagleg råd

BU8 – Fylkesmannen rår til at det vert sett byggegrense på minst 30 meter frå dyrka mark, dette for å redusere drifts- og miljømessige ulemper for både matprodusent og bebuarar.

Samordna bustad-, areal- og transportplanlegging – Klima

Planforslaget legg opp til fortetting og høgare utnytting av tidlegare godkjente byggeområde. Utnytting av eksisterande infrastruktur og nærleik til sentrumsfunksjonar og kollektivpunkt er vektlagt. I utgangspunktet støttar vi denne strategien, men for dette planforslaget har det resultert i omfattande nedbygging av dyrka mark. Vi saknar difor ei utgreiing om det er anna alternativt areal som ikkje i like stor grad er i konflikt med landbruksinteressene. Sjå til dømes merknadene til NÆ2 og NÆ3 ovanfor .

BU6

Dette bustadområdet ligg som ein satellitt ovanfor eksisterande bustadområde. Tilkomstveg er planlagt på eksisterande skogsveg, som er ein mykje nytta turveg. Jf. konsekvensutgreiinga krev tiltaket om lag 700 m ny veg og opprusting av om lag 450 meter traktorveg. Dette vil innebere eit stort inngrep for eit lite areal tenkt til bustad. For friluftslivsinteressene er det uheldig at ein legg opp til bilkøyning på turvegen. Tiltaket inneber ein fordel for få personar og som på same tid kan gje negative verknader for fleire som nyttar området som nærtuområde.

Tilkomsten vil mest sannsynleg bli bilbasert, til tross for at ein har tenkt å etablere kortare gangtilkomst frå bustadfeltet. Arealet krev vidare at ein må etablere eigne løysingar for vatn og avløp. Vi minner om «*Retningslinjer for samordning av bustad-, areal- og transportplanleggingen*» der følgjande går fram av punkt 4.2: «*Utbyggingsmønster og transportsystem må samordnes for å oppnå effektive løysningar, og slik at transportbehovet kan begrenses og det legges til rette for klima- og miljøvennlige transportformer*».

Også når det gjeld samfunnstryggleik er fylkesmannen usikker på om BU6 er eit godt område for bustadar. Vi ser KU har avdekket fleire risiko-/sårbarheitsforhold knytt til arealet. Nokre av forholda er det mogleg å kome i møte, som t.d. skredfarekartlegging og tilgang til vassforsyning og sløkkevatn. Det vi merker oss spesielt er den vanskelege tilkomsten til området for utrykkingskøyretøy. Fylkesmannen meiner kommunen bør inkludere det kommunale brannvesenet (om dette ikkje allereie er gjort) for ei vurdering av denne lokaliseringa. Deira fagkunnige vurdering bør vektleggast. Kommunen må søke å ikkje byggje seg inn i nye sårbarheiter, til dømes ved å legge til rette for bustadar i områder som naudetatar vanskeleg kan nå.

Etter ei samla vurdering rår vi sterkt i frå å omdisponere dette arealet til bustadføremål.

Samfunnstryggleik og klimatilpassing

Planomtalen inneheld ein «grov» ROS-analyse som dekker heile planområdet. Denne analysen er basert på ein grovanalyse for Sykkylven kommune (2017), og utarbeidde kart frå 2009. Det vi saknar er ei synleggjering av dei vurderingane som er gjort av desse hendingane i planen. Spesielt korleis kommunen planlegg å sikre at avdekket potensiell risiko blir akseptabel. Dette kunne med fordel blitt gjort, enten tematisk etter kvar uønskte hending, eller samla på slutten av kapittelet. I konsekvensutgreiinga er samfunnstryggleik eit eige punkt som blir vurdert for kvart arealføremål det er gjort framlegg om. ROS-analysen for planområdet har avdekket risiko/sårbarheit som vi meiner ikkje er sikra tilstrekkeleg gjennom planen.

NVE skredfarekartla Sykkylven kommune i 2015, og skredfaresonene er vist i plankartet som omsynssoner for skred. Denne skredfarekartlegginga dekker ikkje alt av areal i kommunen, heller ikkje alt innanfor planområdet. Der skredfaren ikkje er kartlagt, må plankartet vise område med potensiell fare for skred (aktsemdskart). Vi rår kommunen til å nytte NGI sitt aktsemdskart for snø- og steinskred, og NVE sitt aktsemdskart for jord- og flaumskred. Til omsynssonene skal det knytast føresegnar som sikrar tilstrekkeleg tryggleik. Inntil plankartet viser alle område med skredfare/potensiell skredfare som omsynssoner, og det er knytt føresegnar til omsynssonene som sikrar tilstrekkeleg tryggleik, har Fylkesmannen **motsegn** til planen. Vi vil vidare sterkt oppmode kommunen til å vise dei reelle faresonene for skred i kommunedelplanen (100-, 1000-, og 5000-årsskredet) der dette er kartlagt. Planen kan då differensiere mellom kva tiltak som kan gjennomførast i ulike delar av planområdet i samsvar med tryggleikskrava i TEK17.

I plankartet blir flodbølgje frå Åkneset vist som «H390 - Annen fare». Flodbølgje er ein sekundærverknad av skred, og fell derfor inn under byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3. Flodbølgje som følgje av fjellskred skal derfor visast som skred (H310) i plankartet. Vidare må kommunen stille same krav til oppskyllingssona for flodbølgjer som for skred. Det vil sei at det er tryggleikskrava i TEK17 § 7-3 som gjeld. Vi føreset at dette blir retta opp.

Kommunen viser til NVE sine aktsemdssoner for flaumfare, og at Aureelva er flaumsonekartlagt. Vi ser at det er teikna inn ei omsynssone rundt nedre delar av Aureelva, men ikkje langs resten. Det er heller ikkje teikna omsynssoner for flaum rundt andre vassdrag i plankartet.

I LNF-område er det satt byggegrense på 50 meter frå strandlina til hovudvassdrag. Det kjem ikkje fram av planen, men vi reknar med at dette er ein avstand satt av omsyn til potensiell flaumfare. Vi kan ikkje sjå korleis kommunen kom fram til at denne avstanden er tilstrekkeleg for å dekke potensiell flaumfare, eller kvifor denne byggegrensa mot vassdrag berre gjeld i LNF-område. Kommunen må nytte planen til å sikre tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå alle vassdrag med potensiell flaum- og erosjonsfare. I utgangspunktet tilrår vi at område med potensiell flaumfare blir synleggjort i plankartet med omsynssone. Eventuelt kan kommunen setje ei byggegrense mot vassdrag som sikrar at det ikkje blir oppført tiltak i potensielle flaum-/erosjonsfarlege område før faren er avklart i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-2.

NVE sin rettleiar «Flaum- og skredfare i arealplanar» tilrår ein avstand på minst 20 meter frå mindre vassdrag og bekkar for å dekke potensielt flaum- og erosjonsutsette område. For større vassdrag er tilrådd avstand 50-100. Fylkesmannen meiner at desto mindre avstand ei eventuell byggegrense er frå vassdrag, desto betre må ein synleggjere at avstanden er dekkande. Dersom kommunen vel å setje ein avstand på nærare 50 meter enn 100, må denne avstanden grunngjevast. Inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot flaum og erosjon frå vassdrag, har Fylkesmannen **motsegn** til planen. I område der flaumfaren er faresonekartlagt må føresegnar til omsynssona skildre kva fare som visast (200-årsflaum), og kva krav/restriksjonar som gjeld innanfor sona. Krava må vere i samsvar med tryggleikskrava i TEK17 § 7-2.

Planføresegnene viser til ein omsynssone under marin grense (H310_2). Vi ser ikkje denne sona igjen i plankartet. Føresegna set som krav at under marin grense må byggetiltak dokumentere trygg byggegrunn. Vi minner om at reell risiko skal avklarast so tidleg som mogleg, og seinast på siste plannivå. Fylkesmannen meiner derfor at eit krav om dokumentasjon på trygg byggegrunn ikkje skal utsetjast til byggesaksnivå. Inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot ustabil grunn/kvikkleire har Fylkesmannen **motsegn** til planen. Vidare rår vi kommunen til allereie på dette plannivået søke å avgrense aktuelle område med fare for kvikkleire. Vi viser her til NVE sin rettleiar «*Tryggleik mot kvikkleireskred*» .

Magnetfelt frå høgspenlinjer er ikkje vurdert i ROS-analysen. Planen må sikre tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt frå høgspenlinjer i kommunen. Dette må gjerast gjennom enten omsynssoner i plankartet med tilhøyrande føresegner, eller som ei generell føresegn til planen. Kommuneplanen kan til dømes gje ei generell føresegn som krev at tiltak som bustadar, barnehagar, skular o.l. som planleggast i område med magnetfeltsnivå høgare enn 0,4 mikrot Tesla (μT) skal utgreiast. Eventuelt at slike tiltak ikkje skal plasserast i område med magnetfelt over 0,4 μT . Statens strålevern sin brosjyre «*Busetting nær høgspenlinjer*» skildrar kva krav som gjeld for utgreiing av tiltak som er planlagt i område med magnetfeltet over 0,4 μT . Inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik mot magnetfelt frå høgspenlinjer har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

I planomtalen kjem det fram at to verksemder i planområdet er omfatta av storulukkeforskrifta. DSB har utarbeidd ein rettleiar om tryggleiken rundt storulukkesverksemder. I denne får kommunen råd om korleis storulukkesverksemder skal varetakast gjennom arealplanar. Fylkesmannen tilrår at kommunen nyttar omsynssoner rundt storulukkesverksemdene, og knyter føresegner til desse som sikrar tilstrekkeleg tryggleik i tråd med rettleiaren frå DSB. Det bør utarbeidast ein indre, midtre og ytre omsynssone rundt storulukkesverksemdene – kvar med tilhøyrande føresegner om kva som kan gjerast/etablerast innanfor sonene. Inntil planen sikrar tilstrekkeleg tryggleik rundt storulukkesverksemdene, har Fylkesmannen **motsegn** til planen.

Elles merker vi oss at i konsekvensutgreiinga, kapittel 2.3.8, er det vist til § 7-4 i byggtknisk forskrift. Vi reknar med at dette er ei forgløyming, og kommunen meiner å vise til kapittel sju (som omhandlar tryggleik mot naturpåkjenningar) i TEK17.

Konklusjon

NVE og Fylkesmannen har motsegner til planen. Dette har vi laga ei oversikt over i starten på brevet. I tillegg er det ein del merknader og faglege råd som vi rår til blir følgt opp i det vidare planarbeidet.

Vi rår kommunen om å ta initiativ til eit arbeidsmøte der vi i fellesskap kan gå gjennom motsegnene.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass.fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fagsjef samordning

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Fagsaksbehandlar

Landbruk: Tormod Meisingset, tlf. 71 25 84 04
Samfunnstryggleik: Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15

Vedlegg

NVE si fråsegn

Kopi

Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Statens vegvesen, Region midt, pb. 2525, 6404 Molde
NVE, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo